

ssakren i



Trur på meir makt. Kommunalminister Jan Tore Sanner trur lokaldemokratiet blir sterkare med større kommunar. Foto: Laila Borge

– Meir makt til kommunen



Svekkjer lokaldemokratiet. Professor Harald Baldersheim meiner samanslåing av kommunar vil svekkje lokaldemokratiet. Foto: Laila Borge

Flytting av oppgaver frå stat til kommune vil styrke demokratiet, meiner kommunalminister Jan Tore Sanner.

Laila Borge

Eit viktig argument for kommunereforma er at større kommunar kan levere fleire og betre tenester til innbyggjarane.

– Norske kommunar ber veldig store delar av velferdstenestene. Vi treng sterke fagmiljø for å gje innbyggjarane gode tenester, anten der er barnevern, PPT eller eldreomsorg. Det er viktig at kommunane kan ta grep om utviklinga i sin eigen region, seier kommunal- og moderniseringsminister Jan Tore Sanner.

Sanner meiner at flytting av oppgaver frå staten til kommunane vil føre til eit sterkare lokaldemokrati, fordi politikarane som skal ta avgjerdene vil sitja nærare tenestene dei skal rå over. Han lover at det vil følgje med pengar til å gjennomføra dei nye oppgåvene.

– Reforma kan gje kommunane større handlingsrom, ved at dei får større økonomisk rom til å prioritere, seier han.

– Lokaldemokratiet er svekka
Sanner meiner at lokaldemokratiet har blitt svekka dei siste åra, gjennom sentralisering av makt,

auka detaljstyring frå staten og ved at stadig fleire kommunar har byrja samarbeide om oppgaver.

– Makt og ansvar er flytta ut av kommunestyresalen, seier han.

Regjeringa meiner at større kommunar vil vere betre i stand til å handtere oppgåvene utan den tette oppfølginga frå staten. Sanner peiker på at målet med reforma er å redusere detaljstyringa frå staten.

– Kommunane har fått svært mange nye oppgaver dei siste ti åra. Mange kommunar manglar kapasitet til å ta ansvar for oppgåvene sjølv, difor har dei fått meir detaljstyring, seier han.

– På kva område er det aktuelt å redusera detaljstyringa?

– Vi har allereie innført at det skal leggjast større vekt på lokaldemokratiet i reguleringsaker. Det ser vi resultat av no, med færre innvendingar og større respekt for lokaldemokratiet. Vi kjem til å presentere fleire område i meldinga til våren. Men dette er eit arbeid som vil halde fram heilt til reforma er gjennomført. Vi må sjå resultatet av samanslåingsprosessen, seier Sanner.

Han legg til at det framleis vil vere behov for statlege retningslinjer på ein del område, uavhengig av storleiken på kommunen.

– Vi vil at innbyggjarane skal ha nokre definerte rettar, same

kvar dei bur. Det vil framleis vere bruk for styring og forskrifter, men vi ønskjer at kommunane skal ha større rom til å finne dei gode løysingane sjølv, seier han.

Tenestene er det sentrale

Sanner fryktar ikkje at auka avstand mellom innbyggjarane og kommunestyret vil svekkje lokaldemokratiet.

– Det er tenestene – skulen, barnehagen, eldresenteret – som er det sentrale. I dagens samfunn treng du ikkje reise til kommunehuset for å få løyst sakene dine. Som ordføraren i Vindafjord sa til meg, det er mobiltelefonen som er morgondagens servicekontor. Innbyggjarane kan sitje på kjøkkenbenken og ha direkte kommunikasjon med kommunen, seier han.

Han trur det vil bli meir inspirerende å vere kommunepolitikar etter reforma.

– Noko av det mest frustrerende for lokalpolitikarar er jo opplevinga av at det meste vert bestemt frå staten, eller at avgjerdene er flytta ut til interkommunale samarbeid. Så eg er overtydd om at reforma kan bidra til større politisk engasjement, seier han.

